

Handlingsprogram og økonomiplan

2017 - 2020

Helse og omsorg



POLITISKE MÅL – SAMFUNNSDELEN 2008 – 2020

Gol kommune skal arbeide målretta for god og likeverdig helse i heile befolkninga.

Kommunen skal motivere til og legge til rette for fysisk aktivitet og friluftsliv både for innbyggjarane og for tilsette.

- HELSE I PLAN
 - Det skal takast omsyn til helse i all planlegging.
 - Bygningar og tilrettelagt uteareal skal vera tilgjengelege for alle (universell utforming).
- FØREBYGGING
 - Gol kommune skal arbeide for å fremje god helse i heile befolkninga i arbeid og fritid. Livsstilssjukdommar skal førebyggjast gjennom fokus på kosthald, rus, tobakk, psykisk helse, kultur og fysisk aktivitet.
 - Kommunen skal gje tenestetilbod som brukaren i størst mogleg grad kjenner til, som skaper tryggleik, og der brukaren er aktivt medverkande.
- BEHANDLING OG REHABILITERING
 - Kommunen skal tilby nødvendig helsehjelp som dekkjer behov for pleie, omsorg, behandling og rehabilitering
 - Det skal arbeidast tverrfagleg for å samordne tilbod til menneske med psykiske vanskar, med særleg vekt på barn og unge.

Gol kommune skal vera ein kommune det er godt å vekse opp i, bu i og bli gammal i.

- Alle skal oppleva å bli møtt med respekt og tillit
- Ulike behov skal møtast med individuell tilrettelegging

POLITISKE MÅL – VEDTAK I PERIODEN

K-sak 2/16 Ny organisasjonsstruktur i helse og omsorgsavdelinga

Vedtak

1. Ny organisasjonsstruktur blir vedtatt:

I kommunalsjefens stab:

Tildelingskontor med 2,5 stillingar. 1,5 av eksisterande ressurs og 1 x 100 stilling omgjort til saksbehandlar

Ressurseining med eksisterande 3 x 100 % sekretærstillingar

Folkehelsekontor med eksisterande 1,7 stilling. 1x100 % rådgjevar i miljøretta helsevern, 1 x 50 % stilling som kommuneoverlege og 20 % ressurs som kan gjerast om til folkehelsekoordinator.

Eventuelt ressurs for tilsettingssaker dersom dette ikkje blir lagt til løn og personalavdelinga.

2. Etablering av kommunalsjefens stab ligg innafor dagens ressurs med omgjering av ein stillingsressurs og krev førebels ikkje økonomisk tilskot.

3. Forslag til organisasjonsstruktur på nivå med leiarar og under, skal leggjast fram for politisk behandling etter som sakene blir ferdig utgreidd gjennom prosjektarbeid.

4. Under kommunalsjefen blir leiarane delegert ansvar for fag, økonomi og tilsette.

5. Fagleiarane i helseavdelinga, områdeleiarane i institusjonstenesta, områdeleiarane i tenestene for utviklingshemma og områdeleiar for heimetenestene utgjer kommunalsjefens leiargruppe inntil ny struktur på leiarnivå er bestemt.

Helse og omsorg – HANDLINGSPROGRAM 2017 - 2020

6. Det blir utarbeida ein milepælsplan.

F-sak 4/16 Framtidig organisering av kommunelegetenesta med økonomiske konsekvensar

Utgreiing om framtidig organisering av legetenesta med økonomiske konsekvensar blir tatt til orientering. Gol kommune beheld dagens ordning med fastlønte legar i kommunens lokaler. Administrasjonen utarbeidar Plan for legetenester i løpet av 2016. Formannskapet ber administrasjonen innføre individuelle løysingar ved nyttilsetjingar i tråd med modell 3 – null-løysing.

K-sak 15/16 Oversiktsdokument Folkehelse Gol 2015

Vedtak

Oversiktsdokumenter for folkehelsa i Gol gir ein god oversikt over helsetilstanden og folkehelseutfordringar i kommuna.

1. Oversiktsdokument for folkehelsa i Gol blir tatt til orientering.
2. Oversiktsdokument for folkehelsa i Gol skal ligge til grunn for arbeid med kommunal planstrategi og vidare kommunal planlegging.

UKL 18/16 Alkoholpolitiske retningsliner 2016-2020 for Gol kommune

UKL sender alkoholpolitiske retningsliner for Gol kommune 2016-2020 på høyring.

K-sak 45/2016 Avlastning Omsorg

U.off med kostnad 730.000

STATLIGE MÅL – LOVVERK

- [Helse- og omsorgstjenesteloven](#)
- [Pasient- og brukerrettighetsloven](#)
- [Helsepersonelloven](#)
- [Folkehelseloven](#)
- [Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator](#)
- [Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsetaten](#)
- [Sosialtjenesteloven](#)
- [Introduksjonsloven](#)
- Opplæringslova ([§ 15-5](#))
- Barnevernloven ([§3-2a](#))

Nasjonale føringar og krav frå styresmaktene er grunnlagsdokument for helse- og omsorgsplan og følgjande handlingsprogrammet. Dei mest sentrale meldingane med tilhøyrande utfordringar for Gol kommune:

- [St.29 \(2012-2013\) Morgendagens omsorg](#)
- [St. 26 \(2014-2015\) Framtidens primærhelsetjeneste - nærhet og helhet](#)
- [St.19 \(2014-2015\) Folkehelsemeldinga - Mestring og muligheter](#)
- [Omsorg 2020 Regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015-2020](#)
- [St.30 \(2011-2012\) Se meg - en helhetlig rusmiddelpolitikk](#)

Det som blir beskrive her er utfordringar og løysingar på nasjonalt plan. Ein del kan overførast til vår kommune, men på mange måtar avvik Gol kommune frå det som gjeld landet som heilheit.

Helse og omsorg – HANDLINGSPROGRAM 2017 - 2020

Følgjande forhold er sentrale og gjennomgåande frå styresmaktene:


- Det skal leggst vekt på heilheitleg pasientforløp
- Det blir kravd meir involvering av brukarane i utforming av tenestene
- Det må leggst stor vekt på involvering av frivillige og pårørande i utføring av tenestene
- Det blir kravd nytenking og innovasjon i forhold til:
 - Teknologi
 - Buform
 - Organisering
 - Tenester
- Folkehelsemeldinga har stort fokus på eit meir helsefremmande samfunn, der det skal vera lett å ta val som tek i vare helse og som motverkar helseforskjellar i befolkninga.

STATUS PÅ AVDELINGA I FORHOLD TIL POLITISKE OG STATLIGE MÅL


Gol kommune driv Pleie og omsorgstenestene PLO rimelegare enn samanliknbare kommunar og nabokommunane Flå, Nes, Ål og Hol. Ut frå alderssammensetninga er det rimeleg at Hemsedal, Froland og Birkenes har lågare kostnader enn andre.

KS viste i Effektiviseringsnettverket at i 2014 hadde Gol kommune 7 millionar mindre til drift i PLO enn samanliknbare kommunar.

Andel av netto dr.utg. til PLO av kommunens netto dr.utg. -2014/2015




Andel av innbyggere som er 67 år og over



Helse og omsorg – HANDLINGSPROGRAM 2017 - 2020

Gol prioriterer helsetenesta høgt. Gols netto driftsutgifter til helseformål pr innbygger er høgare enn i samanlikningskommunane til dømes Ål og Nes, gjennomsnittet for kommunegruppe 2 og landsgjennomsnittet. Gols utgifter til diagnose, behandling, rehabilitering er forholdsvis høge. Dette har blant anna samanheng med god legedekning og at fastlegene i Gol er tilsett i kommunen og ikkje privatpraktiserande leger med driftsavtale.

Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter i kommunen - 2015



Nasjonale mål for tenestene er at dei skal:

- Vera trygge og sikre
- Vera verknadsfulle
- Vera samordna og koordinerte
- Involvere brukarane og gi dei medverknad
- Utnytte ressursane på ein god måte
- Vera tilgjengelege og rettferdig fordelte

Innfridde mål:

- Samarbeidsavtalar med Vestre Viken
 - Forsvarleg følgjeteneste og beredskap for jordmortenesta i Gol og Hallingdal
 - Kommunale akutte døgnplassar ved Hallingdal sjukestugu
 - Kommunale intermediære sengeplassar frå 1.9.2016
- Samarbeidsavtale interkommunalt om legevaktsentral, nattlegevakt og nødnett
- Samarbeidsavtale interkommunalt om Hallinghelse med felles samhandlingsleiar, folkehelsekoordinator og kompetanse, lærings og mestringskoordinator KLM
- «Kriterium for helse – og omsorgstenester i Gol kommune» tatt i bruk
- Kvardagsrehabilitering innført som ordinært tilbod
- Gericamobil frå 2015
- Kjøkkenet har fått kjøpe inn noko av behovet for kjøkkenmaskinar av fondsmidlar
- Bruk av legatmidlar til oppstart Sansehage utanfor Gol helsetun

- Auka kapasitet i kreftomsorgen frå 10 % til 20 % stilling
- Auka kapasitet i jordmortenesta frå 30 % til 50 stilling for å sikre beredskap og følgjeteneste
- Auka kapasitet med 1 x 100 % stilling til dagtilbod for demente
- Nye heimlar til tenesteområdet for utviklingshemma for tenester i private bustader 2.9 mill til eit tiltak og 0,73 mill til eit anna tiltak
- Auka kapasitet med 1.8 stilling i flyktningtenesta

Helse og omsorg – HANDLINGSPROGRAM 2017 - 2020

- Kontorer til områdeleiar -/personalbase for tilsette i området i tenestene for utviklingshemma
- Prosessarbeid med arbeids- og ansvarsdelinga i tenesteområdet for utviklingshemma
- Fleire tilsette har fått auka stillingane sine i prosent
- Kommuneoverlege i 50 %, omgjering av ressurs 50 % fastlege
- Tilsettingsaker flytta til løn og personalavdelinga, avgitt 50 % merkantil ressurs til 50 % stilling til L/P
- Fått statleg tilskot til kompetanseheving jf. Kompetanseløftet 2020
 - Ufaglærte har begynt på helsefagarbeiderutdanning
 - Vidareutdanning i psykiatri
 - Høgskuleutdanning til vernepleiere
 - Opplæring BPA
 - Leiarutdanning
 - Lærling i helsefag
- Pårørandeskole for pårørende med demente i familien
- Fått statleg tilskot til dagaktivitetar til demente
- Fallførebyggande trening
- Oppstart utprøving av velferdsteknologi
 - Teknologi for overvaking av brukarens rørsler, fallsensor, springsteknologi
- Aktiv bruk av IPLOS (God kunnskap om bistandsbehovet vil gi kommunen betre moglegheit å planlegge og tilrettelegge tenestene).
- Samarbeid med NAV, arbeidsgivarar og brukarar om hjelp til endring av levestil

Ikkje innfridde mål:

- Digitale trygghetsalarmer – overgang frå analog til digital løysing utsett til 2018
- Mobile trygghetsalarmer
- Carport til bilane i heimesjukepleien
- Reduksjon av avvik på legemiddelhandtering
- Oppfølging av barn og familiar med særskilde behov
- Styrking av foreldrerolla og småbarnsfamiliar
- Fokus på inaktive barn og unge
- Kort ventetid på fysioterapi ved henvising av barn
- Oppfølging av barn 6-16 med funksjonshemming
- Tilbod til fleirkulturell ungdom med fokus på kjønnslemlesting og tvangsgifte
- Tilrettelegging for betre helse hos innvandarkvinner
- Kortare ventetid for personar med belastningsslidingar, kroniske tilstandar og varige funksjonshemmingar
- Oppfølging og rehabilitering for vaksne og eldre med samansette funksjonsvanskar
- Bustader for vanskelegstilte og brukarar utan buevne, - med og utan bemanning
- Handlingsrom for rusomsorg med praktisk bistand
- Elektronisk meldingsutveksling for helsestasjon og jordmortenesta
- Brukarmedverknad med brukarundersøking
- Handlingsplan for vold i nære relasjonar i Hallingdal
- Logopedteneste
- Legemiddelhandtering med mindre avvik
- Redusert korttidsfråvær

Helse og omsorg – HANDLINGSPROGRAM 2017 - 2020

- Heimel av 1x 100 % «grå» stilling i rusomsorgen
- Tilsyn etter nasjonale normer ved Miljøretta helsevern. Manglar 1 x 60 % interkommunel stilling.

Mål som krev auke i investering og drift:

- Psykisk helseteneste i større og betre lokale, - til dømes renovere Glitrehaug-området
- Kortidsplassar for rehabilitering og avlastning
- Heildøgnsbemanning i Torstadvegen

TENESTEKATALOGEN – LOVPÅLAGTE / IKKE LOVPÅLAGTE OPPGÅVER – FØLT KVALITET PÅ TJENESTENE

Som grunnlag for å forstå dei teneste som kommunen skal utføre, er det viktig å hugse på at mange av dei «lovpålagte tenestene» vart borte då Helse- og omsorgstenesta kom. Den beskriv i staden kva kommunen skal sørge for, og det grunnleggande står i [§ 3-1](#) som seier at:

Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen tilbys nødvendig helse og omsorgstjenester.

I praksis vil det si at det som er nødvendig, vil også vera lovpålagt. Loven utdjuvar i [§ 3-2](#) kva kommunen skal tilby for å oppfylle ansvaret.

Sentrale utfordringar gjeld i Gol også:

- God nok leiing og utføring av helse- og omsorgstenestene
- Tenestene må vera tilgjengelege, tverrfagleg og koordinerte
- Tenestene må legge vekt på kvalitet og sikkerheit for brukar eller pasient

Leiing

- Leiarane skal forvalte og leie tenestene slik at mål med tenestene i størst mogleg grad blir nådd.
- Dei ulike tenesteområda forventas å samhandle heilskapleg og koordinert og leiinga skal legge til rette for brukarmedverknad i ulike prosessar.
- Leiarane må ha oppdatert kompetanse og gjera bruk av tilgjengelege verktøy.

Tilgjengelege , tverrfaglege og koordinerte tenester

Ved ny organisering kan det bli betre høve til å sjå deil ulike deltenestene i samanheng for å kunne løyse utfordringar i fellesskap. Likevel er det ei utfordring i tilknytning til sektorisering av tenestene.

- Samlokalisering. «Ei dør inn for brukarane», slik at det blir lettare å finne ut kvar ein skal henvende seg. Fysisk nærleik mellom teneste, med høve til kommunikasjon og samhandling.
- Koordinerande eining (KE) og koordinering. Det er ei stor utfordring at KE i stor grad blir identifisert med helsetenester og dei andre tenestene kjenner i mindre grad eigarforhold og forplikting i forhold til individuell plan og koordinator. Brukargruppa som KE har flest av under 18 år og under 30 år, og dei fleste tenesteytarane og deltakarane i individuell plan er barnehage, grunnskule, vidaregåande opplæring, Oppfølgingstenesta, BUP, PPT, NAV; miljøterapitenesta i tillegg til helsetenesta. Primærhelsemeldinga foreslår ei ordning med primærhelseteam, i utgangspunktet ut frå legepraksis¹. Det må vurderast om det er fornuftig organisering for Gol kommune eller om det kan gjerast på andre måtar.

¹ [St.meld. 26 \(2014-2015\) Fremtidens primærhelseteneste - nærhet og helhet](#) s. 50

Helse og omsorg – HANDLINGSPROGRAM 2017 - 2020

- Kvalitet og pasient og brukarsikkerheit. Kommunen skal drive systematisk kvalitetsforbetring og arbeide systematisk med pasient og brukarsikkerheit. Stortingsmeldinga God kvalitet – trygge tenester² seier at for å nå overordna mål, må det gjerast tiltak på desse områda:
 - 1) Meir aktiv pasient- og brukarrolle,
 - 2) Strukturar som støtter kvalitetsarbeidet,
 - 3) Kvalitetsforbetring i tenestene,
 - 4) Større openheit om kvalitet og pasientsikkerheit,
 - 5) Meir systematisk utprøving av nye behandlingmetodar, og
 - 6) Betre kvalitet gjennom kunnskap og innovasjon

Det er viktig at vi har gode system for å ta imot og saksbehandle henvendingar. Tenestene skal vera tilpassa brukarens eigne ynskjer for eige liv, helsetilstand og funksjonsnivå, til bustad, familie og andre sosiale faktorar. Datasystem som ikkje snakkar saman er ei utfordring. Opplysingar ligg lagra på ulike system, fastlegen, legevakt, sjukehus, heimesjukepleien, helsestasjonen m.m. At helsepersonell har enkel og sikker tilgang til pasient og brukaropplysningar, uavhengig av kor pasienten blir sjuk eller får behandling, er viktig for kvaliteten på behandlinga.

Områder med særlege utfordringar

- Helse for barn og unge. Helsestasjonen dekker mange tenester, med pålagte faste undersøkingar, veiledning, undervisning samt oppfølging av barn og familiar med ekstra behov. Det gjeld alle barn 0-18 år og deira familiar. Dei siste åra har helsestasjon og skulehelsetenesta stadig blitt tillagt fleire oppgåver og ansvar gjennom nasjonale føringar. Regjeringa har satsa på barn og unge dei 3 siste åra med rammeoverføringar til helsestasjonsutvikling, utan at dette har vorte prioritert av politikarane i Gol. Skulehelsetenesta på vidaregåande har i 4 år vore drive med prosjektmidlar, men dette er slutt frå 2016. Prosjektet Ungdomslos i vidaregåande er eit interkommunalt samarbeid og evaluering viser stor nytte for ivaretaking av dei unge generelt og spesielt for gjennomføring av vidaregåande skule og hindring av «drop-out». Bør vidareførast som fast ordning som eit interkommunalt tiltak.

Det er ein klar dokumentert samanheng mellom tida helsestasjonen og skulehelsetenesta brukar på førebyggjande arbeid i kommunen og førebygging av at barnevernssaker utviklar seg³. Jf. siste evalueringsrapport Hallingdal barnevernsteneste og auka ressursar til tenesta.

Situasjonen i Gol kommune er utfordrende, fordi:

- Det førebyggjande arbeidet i helsestasjonen er redusert og ressursane går i hovudsak til barn og familiar med behov for særlig oppfølging. Når det dukkar opp nye behov, hos nye barn og familiar, blir desse oppdaga så seint at det krev meir ressursar enn om dei hadde vore oppdaga tidlegare⁴.
- Gol kommune har over tid vore høgere enn landsgjennomsnittet når det gjelder elevar på 10. trinn som oppgir at dei blir mobba⁵. Det siste året ser ein positiv endring i utviklinga.
- Tal på anbefalte vaksinasjonar har auka. Samtidig er vaksinasjonsdekninga i Gol er lågare enn landsgjennomsnittet.

Psykisk helse 0-18 år. Psykisk helseteneste og helsestasjonen samarbeidar og er eit lågterskeltilbod til barn, unge og familiar med ulike vanskar som påverkar barns psykiske helse. Ungdatas nasjonale rapport frå 2014 viser at dei som er dårlegast integrerte i skulen, familien og

² [St.meld 10 \(2012-2013\) God kvalitet- trygge tenester](#)

³ [Trine Myrvolden m.fl."Den vanskelige samhandlingen"](#)

⁴ [Barndommen kommer ikke i reprise](#)

⁵ [Folkehelseprofil Gol 2016](#)

på fritidsarenaen som i størst grad blir ramma av dårleg helse, spesielt psykisk⁶. Førebygging må skje på tvers av dei arenaene som ungdom er. Det er ynskjeleg å vidareføre prosjektet Ungdomslos som fast tiltak i vidaregåande skule. Kommunen vil vurdere å søke midlar til å prøve ut ordning med kommunepsykolog.

Brukarar med store og samansette behov. Som følgje av redusert liggetid på sjukehus, blir pasientar skrivne tidlegare ut til kommunalt ansvar. Desse gruppene knyt det seg særlege utfordringar til:

- Demente
- Oppfølging av personar med kreftsjukdom
- Pasientar med små volum og store behov
 - Alvorlege nevrologiske lidningar
 - Alvorlege psykiske lidningar
 - Sjeldne medfødte lidningar

Dei sistnemnte pasientgruppene er det så få av, at ein kommune på storleik som Gol ikkje har tilstrekkeleg kompetanse eller ressursar til å gi eit fullgodt tilbod. Det må difor settast i verk eit samarbeid med spesialisthelsetenesta og kompetansesentra for å løyse utfordringane.

Lokalar. Det manglar lokaler til tenestene. Forslaget til prosjektgruppene er å ha korttids plassar i fløya Skogly og Heimbu. Fløya ODA og ADA kan brukast til langtids plassar, men treng renovering. Ei ombygging der ein ta høgde for om desse kan veksle mellom å vera omsorgsbustad eller institusjonsplass. Fløya Fagertun vil bli avdeling for demente. Det er planlagt Sanseshage utanfor, der ein også kan sjå føre seg bygging av eit atrium for å dekke behovet for vandring innomhus vinterstid også. I underetasjen under ODA er det planlagt ombygging til omsorgsbustader. Ombygging kan skje med tilskot frå Husbanken.

Psykisk helseteneste manglar tilfredsstillande lokaler både til brukarar og tilsette. Tenesta treng områder og areal til brukarane på fleire nivå. Til aktivitet og meningsfull kvardag, til omsorg og behandling. Miljøarbeidarteneste i eigen bustad for dei med og utan buevne.

Kompetanse. Det krevst annan kompetanse, høgare og meir fleirfagleg kompetanse enn tidlegare, - dette gjeld spesielt heimetenesta. Denne gruppa er avhengig av at heimetenestene, legetenesta, ergoterapi og fysioterapi kan bidra med heilheitlege og koordinerte pasientforløp. Det krevst god leiing for å sikre kvaliteten der brukaren eller pasienten har behov for tenester får fleire ulike tenesteytarar. Vi søker kvart år om tilskot til kompetanseheving.

Habilitering og rehabilitering og utanfor institusjon. Kommunen skal ha ein generell samla oversikt over behova for habilitering og rehabilitering slik at framtidige tilbod for brukargruppa kan planleggast, - og denne oversikten manglar i dag. Kompetansen er no spreidd, og vi må sikre eit fagleg tyngdepunkt med grunnleggande basiskompetanse innan sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering.

FORSLAG TIL ADMINISTRATIVE TILTAK FOR Å NÅ MÅLENE

Kvar enkelt brukar eller pasient skal få dei helse- og omsorgstenestene som vedkomande har behov for ut i frå sin situasjon. Det stiller krav til helsepersonellet si utføring av arbeidet, så vel som organiseringa av arbeidet og tiltaka. Dermed må kommunen sørgje for at helsepersonellet er i stand til å utføre arbeidet på ein måte som gir forsvarlege tenester.

⁶ [Ungdata i Hallingdal 2014](#)

Helse og omsorg – HANDLINGSPROGRAM 2017 - 2020

Det er sett i gang mykje prosessarbeid i samband med omorgansering i helse og omsorg, og desse vil vera klare 15.september 2016. Kan presenterast under budsjett-møtet i oktober.

FORSLAG TIL NYE INVESTERINGSTILTAK

- Investeringstiltak helse og omsorg vidareføring av forslag 5,6 mill
- Ombygging skjerming av demente 0,6 mill
- Ventilasjonsanlegg kjøkken 4 mill
- Digitalt TV-system Gol helsetun nytt sidan analoge sendingar utgår. 0,1 mill

Tiltak-nr	Tiltak-tekst	2017	2018	2019	2020
9726	Helse- og omsorg - rehabilitering ADA/ODA	5 600 000	-	-	-
9727	Helse- og omsorg - kjøkken - ventilasjon/utviding	4 000 000	-	-	-
9728	Helse- og omsorg - skjerming av demente	600 000			
	Totale investeringer - helse og omsorg	10 200 000	-	-	-

FORSLAG TIL NYE DRIFTSTILTAK FOR Å NÅ MÅLENE

- Digitalt TV-system Gol helsetun, må ha nytt sidan analoge sendingar utgår. 15 000 i året
- Bemanning av ny korttidsavdeling – totalt kr. 4.200.000.
13 korttids plassar som skal etablerast i tilknytning til eksisterande bygningsmasse.
Bemanninga til avdelinga vil utgjere 4 tilsette på kvar vakt både dag og kveld. Dette tilseier 5-6 årsverk.
- Auke driftstiltak med korttids plassar 0,6 mill
- Ungdomslos 2 x 100 % stillingar interkommunalt samarbeid der Gol sin del utgjer ein av seks kommunar, 0,25 mill
- Nye modular i Gerica:
 - Multidoseimport 0,06 mill
 - Plassadministrasjon (frå 2018)
 - Ny modul i Visma: Digital vaktbok 0,1 mill (frå 2018)
- Digitalt TV-system Gol helsetun nytt sidan analoge sendingar utgår. 0,1 mill

Rådmannen har ikkje lagt inn tiltak som t.d. digitalt TV-system. Kr. 15.000 utgjer forsvinnande lite i eit totalbudsjett på om lag 102 mill. kroner – netto.

Tiltak-nr	Tiltak-tekst	2017	2018	2019	2020
9729	Helse- og omsorg - ungdomslos - regionalt	144 000	288 000	288 000	288 000
9730	Helse- og omsorg - Gerica multidoseimport	60 000	-	-	-
9731	Helse- og omsorg - bemanning - korttidsavd	4 800 000	4 800 000	4 800 000	4 800 000
9732	Helse- og omsorg - digital vaktbok / plassadm	-	100 000	100 000	100 000
	Totale forslag - økt drift	5 004 000	5 088 000	5 088 000	5 088 000

MÅ SJEKKE TABELL – 2018 og ANDRE TALL

FORSLAG TIL INNSPARINGSTILTAK MED KONSEKVENSER FOR POLITISKE OG STATLIGE MÅL

Rådmann har bedt om reduksjon 2,5 mill. i helse og omsorgstenesta. Etter så mange år med nedskjæringar i drift er vi komne dit at det betyr i praksis å foreslå reduksjon av stillingar og betyr oppseiing av tilsette.

Ved gjennomgang av handlingsrommet ser vi dette:

- Heimelsregisteret er oppdatert. Dessverre ser ein at det er fast tilsette i grå stillingar som ikkje er heimla. Har eigentleg ikkje høve til å la desse vera i turnus for at det skal vera innafør lovverket.
Det er mange eldre tilsette som snart blir pensjonistar, og kompetanseoverføring må sikrast.
- Dataprogram effektiviserar og kvalitetssikrar tenestene. Vurderar innkjøp av digital vaktbok, nye modular i Gericar for riktig vederlagsberekning og riktig medisinhandtering.
- Tildelingsteamet kartlegg og gjer vedtak om tiltak. Må følgje «Kriterium for helse – og omsorgstenester i Gol kommune»
- Pleiefaktoren i institusjon innafør normalen jf. Kommunerevisjonen IKS datert 13.1.2014. Normalen gjeld for 32 plassar, men det har lenge vore overbelegg med snitt 5 fleire pasientar til ei kvar tid og då er pleiefaktoren under normalen.
- Heimetenestene har for få tilsette og er pressa med utskrivingsklare pasientar med store behov. Sidan vi manglar korttidsavdeling for avklaring, rehabilitering og avlasting blir presset på heimetenestene store.
- Lite tilbod om avlasting. Slit på pårørande.
- Tenestene til Torstadvegen manglar 1x 100 % stilling for å kunne gi forsvarlege tenester. Har brukt mellombels tilsette til kortvakter og prosjekttilskot, og frivillige når det har vore mogleg for å dekke behov.
- Det er høgt korttidsfråvær, og der det er mogleg må vi la vera å leige inn vikar dei to første vaktene. Vil ramme pasientar, dei «snillaste» brukarane og forplikte kollegaer til fleire oppgåver. Vil i verste konsekvens føre til meir fråvær og kanskje også langtidsfråvær.
- Det er gjentakande avvik på legemiddelhandtering, og leiarane må følgje opp dei tilsette betre på dette tenesteområdet.
- Når det gjeld inntening, så ser vi førebels ingen områder å utvide dette, med mindre vi kan selge tenester til andre.

Tiltak-nr	Tiltak-tekst	2017	2018	2019	2020
9723	Helse- og omsorg - reduksjon flyktningetenesta	-620 000	-620 000	-620 000	-620 000
9724	Helse- og omsorg - reduksjon Dagsenteret	-620 000	-620 000	-620 000	-620 000
9725	Helse- og omsorg - reduksjon PU	-1 260 000	-1 260 000	-1 260 000	-1 260 000
	Totale forslag - innsparinger	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000

Det er uheldig med ytterlegare innsparingar no mens vi er under omorganisering. Helse og omsorgsplan er under utarbeiding. Prosjektgruppene arbeider i forslaga sine med effektiv utnytting av ressursane og har med seg at kommuneøkonomien er under press. Pleie og omsorgstenestene driv allereie rimelegare enn andre samanliknbare kommunar. Dei tilsette ytrar bekymring for ytterlegare innsparingar.

Helse og omsorg – HANDLINGSPROGRAM 2017 - 2020
VURDERING AV MÅLSETTINGENE – FORSLAG TIL DEBATT

«Kriterium for helse – og omsorgstenester i Gol kommune» må evaluerast og politikarane må vedta strengare tildeling av tenester.

Befolkninga må i større grad kjøpe seg private tenester. Befolkninga i Gol kommune må sørge for at eigen bustad er klargjort for å kunne bu heime og ta i mot tenester under sjukdom og alderdom. Det er viktig å få til system for og involvering av frivillig innsats.

Vi legg til grunn følgjande hovudutfordringar for helse- og omsorgstenestene i åra framover:

- Befolkningssamansettingen endrar seg. Det blir fleire eldre i forhold til tal på innbyggjarar i yrkesaktiv alder.
- Kommunen må gi tenester til fleire personar med meir samansette og alvorlege lidingar.
- Det er ei utfordring å få til heilheitlege pasientforløp og koordinerte tenester innad i kommunen, men også mellom nivå i helsevesenet.
- Rekruttering av personell med relevant kompetanse i konkurranse med andre kommunar som har dei same utfordringane, - denne konkurransen er også lønsdrivande.
- Kommunens økonomi er under press, samtidig som oppgåvene for helse og omsorgssektoren veks. Eit viktig fokusområde vil difor vera effektiv utnytting av ressursane.
- Endring frå behandling til forebygging. For å sjå resultater av førebyggjande arbeid løner det seg å starte så tidleg som mogleg, med barn og unge, og det er viktig å involvere heile samfunnet. Lukkast vi med det førebyggjande arbeidet, vil dette kunne frigjere ressursar til dei med størst behov for tenester.
- Det må forventast auka behov for tenester til personar som ikkje er fastbuande i Gol kommune, som ei fylgje av auka tilstrøyming av turistar og med bakgrunn i at det er bygd mange fritidsbustader med høg standard, som tillet personar med helsesvikt å opphalde seg på hytta/fritidsbustaden.
- Det er ei endring av befolkninga i Gol kommune med 16 % minoritetspråklege. Omsorgstenestene må leggjast til rette på ein måte som sikrar at desse brukarane får gode og tilstrekkelege tenester. Den endra samansettingen av brukarars kulturelle og religiøse bakgrunn vil få konsekvensar for utforming av tenestene, og stille større krav til individuell tilrettelegging⁷.

